



## Sakshandsamar:

Astrid Lernes  
E-post: astrid.lernes@sfj.no  
Tlf.: 92022176

## Vår ref.

Sak nr.: 18/1276-21  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

## Dykkar ref.

**Finansutvalet 2.11.18**

Fylkeshuset, møterom Sygna, kl. 10.00

## Dato

LEIKANGER, 25.10.2018

**Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022 - Arbeidsdokument 4/18**

Vedteken budsjettprosess legg opp til at finansutvalet skal kome med si tilråding til budsjett 2019/ økonomiplan 2019-22 (til fylkesutvalet) i møtet 2. november.

I dette arbeidsdokumentet kjem fylkesrådmannen med framlegg til saldert budsjett 2019/ økonomiplan 2019-22. Framlegget bygger på vedteken økonomiplan 2019-2022, jf. FT-sak 31/18, påfølgjande arbeidsdokument 3/18 og det arbeidsdokumentet som her vert fremja.

**1 JUSTERINGAR SOM FØLGJE AV STATSBUJSJETTET**

Fylkesrådmannen orienterte finansutvalet den 18.10.18 om dei økonomiske verknadane av framlegg til statsbudsjett 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Presentasjonen er tilgjengeleg på fylkeskommunen si heimeside. I dette punktet orienterer vi nærare om dei økonomiske verknadane av framlegget, og viser korleis desse punkta er innarbeida i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-22.

**1.1 Skatt og rammetilskot – frie inntekter**

I framlegg til statsbudsjett er det lagt til grunn ein realvekst i frie inntekter på 2,6 mrd. kr samla for kommunesektoren. Av dette går heile veksten til kommunane.

Innanfor ramma av dei frie inntektene til fylkeskommunane vert 100 mill. kr omdisponert til opprusting og fornying av fylkesvegnettet, og fordelt etter storleiken på vegvedlikehaldsetterslepet for den enkelte fylkeskommune. Vår del av etterslepet utgjør 7,2%. Omdisponeringa gjev oss såleis om lag 5 mill. kr meir enn om midlane vert fordelt gjennom inntektssystemet.

Frå 2017 vert delkostnadsnøklane i inntektssystemet oppdatert årleg på grunnlag av dei tre siste års tilgjengeleg rekneskap. Bakgrunnen for dette er at gjennom årlege oppdateringar fangar ein betre opp ulik kostnadsutvikling mellom sektorane. Vektinga av delkostnadsnøklane for 2019 er basert på rekneskapstal for åra 2015–2017. I tillegg til årlege oppdateringar er det teke omsyn til oppgåveendringar, korreksjonar etc. som ikkje inngår i rekneskapstala for dei aktuelle åra.

Frå 2018 til 2019 er vekta på sektornøkkelen til fylkesveg auka, medan vekta del for dei andre sektornøklane er reduserte. Samla har vi ein auke i «utgiftsbehovet» frå 1,5176 til 1,5299, og får såleis auka utgiftsutjamning samanlikna med 2018.

Det fylkeskommunale skatteøre er fastsett til 2,60%, dvs. ein reduksjon på 0,05%. Dette er sett utifrå ei målsetting om at skatteinntektene skal utgjere 40% av dei samla inntektene.

Ved berekninga av realvekst er det lagt til grunn ein løns- og prisvekst (kommunal deflator) på 2,8 %. I budsjett/økonomiplanen utgjør dette 60,1 mill. kr årleg.

**Folketalsutvikling**

Tal innbyggjarar, både totalt og særskilt for aldersgruppa 16-18 år, påverkar nivået på frie inntekter. For rammetilskotet vert folketal pr. 01.07 året før budsjettåret lagt til grunn, medan det for skatteinntektene er folketal pr. 01.01 i budsjettåret som vert nytta. Dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) er i statsbudsjettet basert på faktiske folketal per 01.07.18.

I vår prognose for folketalsutviklinga har vi lagt til grunn at landet aukar med 30.000 årleg og at Sogn og Fjordane har ein reduksjon på 300 innbyggjarar årleg. For elevtalsutviklinga (16-18 år) har vi lagt til grunn SSB sine framskrivingar i middelalternativet MMMM med nokre tilpassingar.

|                | 01.07.2014 | 01.07.2015 | 01.07.2016 | 01.07.2017 | 01.07.2018 | 01.07.2019 | 01.07.2020 | 01.07.2021 |
|----------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| S og Fj        | 108 980    | 109 448    | 109 914    | 110 329    | 110 032    | 109 750    | 109 450    | 109 050    |
| herav 16-18 år | 4 751      | 4 655      | 4 570      | 4 635      | 4 497      | 4 398      | 4 351      | 4 371      |
| landet         | 5 137 663  | 5 189 520  | 5 235 629  | 5 277 818  | 5 312 508  | 5 345 000  | 5 375 000  | 5 405 000  |
| herav 16-18 år | 196 048    | 195 365    | 194 857    | 195 748    | 192 648    | 190 256    | 189 650    | 191 170    |
| andel folketal | 2,12       | 2,11       | 2,10       | 2,09       | 2,07       | 2,05       | 2,04       | 2,02       |
| andel 16-18 år | 2,42       | 2,38       | 2,35       | 2,37       | 2,33       | 2,31       | 2,29       | 2,29       |

Tabellen viser at vår relative del av samla folketal og vår del av 16-18 åringar vert reduserte i heile perioden. Det positive er at vår del av 16-18 åringane ser ut til å stabilisere seg utover i økonomiplanperioden. Denne prognosen har ei noko svakare folketals- og elevtalsutvikling for vår del enn den som ligg inne i gjeldande økonomiplan.

### Tapskompensasjon

I budsjett/økonomiplanen er det føresett ei opptrapping av tapskompensasjonen med 12,6 mill. kr frå 2019. Ei slik opptrapping ligg ikkje inne i framlegget til statsbudsjett for 2019. Fylkesrådmannen vil som følgje av dette tilrå å redusere tapskompensasjonen med 12,6 mill. kr årleg. Vi må likevel arbeide mot Stortinget for å få gjennomslag for ei vidare opptrapping også i 2019.

Samla tapskompensasjon vil frå 2019 då vere på 106,8 mill. kr. Frå 2020 vil eit nytt inntektsystem vera på plass, jf. regionreforma. Det er usikkert kva konsekvensar dette vil få. I våre føresetnader er nivået for 2019 vidareført for åra 2020-22.

### Ferjeavløysing

Vi har føresett at 2022 vert det første året vi vil få ferjeavløysingsmidlar knytt til Ytre Steinsund bru. I arbeidsdokument 3/18 vart forventa ferdigstilling av brua forskyvd med eit år. Som ein konsekvens av dette må vi også forskyve ferjeavløysingsmidlane med eit år – til 2023. Rammetilskotet vert såleis redusert med 20,2 mill. kr i 2022.

### Samla skatt og rammetilskot – frie inntekter

Etter justeringane i punkta over legg fylkesrådmannen til grunn følgjande nivå på skatt og rammetilskot:

| Skatt                                       | 2019         | 2020         | 2021         | 2022         |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Skatteanslag eksisterande øk. plan          | 680,2        | 677,2        | 674,2        | 671,2        |
| Auka skatteanslag jf. statsbudsjettet       | 19,9         | 19,9         | 19,9         | 19,9         |
| Korr. skatteanslag jf. ny prognose folketal | -6,0         | -8,8         | -11,5        | -14,2        |
| <b>Ny skatteprognose</b>                    | <b>694,1</b> | <b>688,3</b> | <b>682,6</b> | <b>676,9</b> |

| Rammetilskot                                    | 2019          | 2020          | 2021          | 2022          |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Rammetilskot i eksisterande øk. plan            | 1630,3        | 1556,3        | 1558,4        | 1578,6        |
| Auka rammetilskot statsbudsjett                 | 51,0          | 51,0          | 51,0          | 51,0          |
| Ikkje auka tapskompensasjon 2019                | -12,6         | -12,6         | -12,6         | -12,6         |
| Ferjeavløysing Ytre Steinsund forskyvd til 2023 |               |               |               | -20,2         |
| Korr. rammetilskot jf. ny prognose folketal     |               | -6,3          | -8,3          | -16,2         |
| <b>Nytt rammetilskot</b>                        | <b>1668,7</b> | <b>1588,3</b> | <b>1588,5</b> | <b>1580,6</b> |

### Endringar i oppgåver/utgifter som skal dekkast av dei frie inntektene

Det samla nivået på frie inntekter for 2019 skal m.a. gje rom for auka utgifter knytt til følgjande område:

- Utvida rett til vidaregåande opplæring for innvandrarar

- Vedlikehald/opprusting fylkesveg – omprioritering frie inntekter samt prisjustering
- Tunnelsikring – prisjustering.

Fylkesrådmannen legg opp til at sektorane vert kompenserte tilsvarende endringane i rammetilskotet. Under følgjer ein kort omtale av desse punkta:

#### Opplæring

Løyvinga til utvida rett til vidaregåande opplæring for innvandrarak er auka med 1,3 mill. kr frå 2019. Auken skal dekke berekna meirutgifter for fylkeskommunane i høve 2018-nivået knytt til dette tiltaket.

#### Samferdsle

Løyvinga til opprusting/fornyng av fylkesveg er prisjustert i 2019. Prisjusteringa utgjer 2,8 mill. kr. I tillegg er 100 mill. kr, innanfor fylkeskommunane sine frie inntekter, omdisponert til styrking av opprusting/fornyng av fylkesveg. For vår fylkeskommune utgjer dette 7,2 mill. kr.

Løyvinga til tunnelsikring er ikkje føreslege auka i 2019 (utover prisjustering). Prisjusteringa utgjer 2 mill. kr. Løyvinga til tunnelsikring vert avslutta i 2019 og er såleis ikkje vidareført i økonomiplanperioden.

### 1.2 Rentekompensasjon for fylkesveggar

I framlegg til statsbudsjett er løyvinga til rentekompensasjon for fylkesveggar noko høgare enn føreset. Dette gjev oss ein høgare rentekompensasjon enn det vi har lagt til grunn i budsjett/økonomiplan. Auken i rentekompensasjon er berekna til 0,4 mill. kr frå 2019.

### 1.3 Distrikts- og regionalpolitikk (KMD-midlar)

I framlegg til statsbudsjett er det lagt opp til ei samla løyving på 683 mill. kr på programkategorien 13.50 Distrikt og regionalpolitikk. Dette er ein reduksjon på om lag 266 mill. kr frå 2018. Regjeringa si førebelse fordeling av midlane viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune vert tildelt 39,1 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 14,8 mill. kr i høve 2018.

Det er sektoren næring og kultur som disponerer KMD-midlane i sitt sektorbudsjett. Tidlegare år har endringar i KMD-midlar i utgangspunktet ført til endringar i sektorrammene. Fylkesrådmannen vil følgje same praksis no og rår til at sektorramma til næring og kultur vert redusert med 14,8 mill. kr årleg. For nærare omtale av dette vert vist til punkt 1.5.

### 1.4 Samla økonomiske konsekvensar av punkta 1.1-1.3

Dei økonomiske konsekvensane av fylkesrådmannen si tilråding i dette punktet vert vist i tabellen nedanfor.

|   | 2019        | 2020        | 2021        | 2022         |
|---|-------------|-------------|-------------|--------------|
| <b>Ubalanse etter a-dok 3:</b>                                      | <b>5,6</b>  | <b>17,3</b> | <b>33,1</b> | <b>46,4</b>  |
| <b>Vurderingar i arbeidsdokument 4</b>                              |             |             |             |              |
| Justering etter statsbudsjettet:                                    |             |             |             |              |
| <u>Frie inntekter</u>   |             |             |             |              |
| Endring i rammetilskot  | -51,0       | -44,7       | -42,7       | -34,8        |
| Endring i skatteanslag  | -13,9       | -11,1       | -8,4        | -5,7         |
| Ikkje opptrapping av tapskompensasjon                               | 12,6        | 12,6        | 12,6        | 12,6         |
| Ferjeavløysingsordning - forskyving frå 2022-2023                   |             |             |             | 20,2         |
| Løns- og prisvekst - omrekning av kroneverdi                        | 60,1        | 60,1        | 60,1        | 60,1         |
| Auke i rentekompensasjon  | -0,4        | -0,4        | -0,4        | -0,4         |
| Samferdsle - Auka løyving til tunnelrehabilitering - prisvekst      | 2,0         |             |             |              |
| Samferdsle - Auka løyving til vegvedlikehald - prisvekst/reell auke | 10,0        | 10,0        | 10,0        | 10,0         |
| Opplæring - auka løyving til minoritetsspråklege                    | 1,3         | 1,3         | 1,3         | 1,3          |
| <u>KMD-midlar</u>   |             |             |             |              |
| Redusert inntekt/løyving frå KMD                                    | 14,8        | 14,8        | 14,8        | 14,8         |
| Auka bruk av bundne fond - tidlegare avsett KMD-midlar              | -13,0       |             |             |              |
| Redusert løyving næring og kultur                                   | -1,8        | -14,8       | -14,8       | -14,8        |
| <b>Ubalanse etter statsbudsjettet:</b>                              | <b>26,2</b> | <b>45,1</b> | <b>65,5</b> | <b>109,7</b> |

## Tilråding

Dei økonomiske verknadane av statsbudsjettet, som vist i tabellen i pkt. 1.4, vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for Budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

### 1.5 Redusert ramme for sektoren næring og kultur som følgje av reduserte KMD-midlar

Frå og med 2017 nyttar sektoren næring og kultur alle KMD-midlane som fylkeskommunen vert tildelt. Det betyr at denne sektoren også må handtere ev. avvik mellom budsjetterte og tildelte KMD-midlar det enkelte budsjettår, jf. pkt. 1.3.

I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2019 får vi tildelt 39,1 mill. kr, dvs. ein nedgang på 14,8 mill. kr i høve 2018.

Fylkesrådmannen vil for 2019 tilrå at dette vert løyst ved å nytte 13 mill. kr i avsette KMD-midlar/fondsmidlar frå 2017. Vidare vil fylkesrådmannen tilrå at løyvinga på teneste 7015 Nyskaping vert redusert med 1,8 mill. kr.

For åra 2020-2022 er heile reduksjonen på 14,8 mill. kr lagt inn i sektorramma til næring og kultur. Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande reduksjonstiltak for åra 2020-2022:

- Teneste 7010 Bedriftsretta satsingar vert redusert med 2,6 mill. kr. Det er løyvinga til Innovasjon Norge som vert redusert frå 27,6 mill. kr til 25 mill. kr.
- Teneste 7015 Nyskaping vert redusert med samla 12,2 mill. kr. Løyvinga til kommunale næringsfond vert teke bort, noko som medfører ein reduksjon på 9,3 mill. kr. Vidare vert nye tiltak/nyskaping redusert med 2,9 mill. kr.

Ved ein ev. auke i KMD-midlar føreset fylkesrådmannen at desse to tenestene vert auka opp igjen.

## Tilråding

Rammereduksjonen for sektoren næring og kultur på 14,8 mill. kr årleg vert løyst på følgjande måte:  
 2019: 13 mill. kr i avsette KMD-midlar frå 2017 vert nytta som finansiering. Teneste 7015 Nyskaping vert redusert med 1,3 mill. kr.  
 2020-2022: Teneste 7010 Bedriftsretta satsingar vert redusert årleg med 2,6 mill. kr og teneste 7015 Nyskaping vert redusert årleg med 12,2 mill. kr.  
 Ev. auke i KMD-midlar skal nyttast til å auke opp att desse tenestene.

## 2 INVESTERINGAR

### 2.1 Investeringsprogram for bygg 2019-2022

Fylkesrådmannen har tidlegare varsla at det vert arbeidd med avklaringar knytt til nye store investeringsprosjekt på bygg. Av tidsomsyn vert det lagt opp til at desse prosjekta vert presenterte i slutthandsaminga av budsjett/økonomiplanen. Det vert såleis i saksframlegget at det fullstendige investeringsprogrammet for bygg vert lagt fram.

Dei endringane i investeringsprosjekta som no vert omtalt er som følgje av statsbudsjettet, samt andre avklaringar som gjer at prosjekta kan presenterast/omtalast no.

#### Prisjustering av vedtekne investeringsprosjekt

Fylkesrådmannen har gjort ei vurdering av behovet for prisjustering av tidlegare vedtekne/i gangsette prosjekt. Desse prosjekta er prisjustert med kommunal deflator på 2,8 %:

- Ny 103 – Høyanger vgs - ombygging
- Ny 121 – Mo og Øyrane – nytt verkstadbygg
- Ny 224 – Sogndal vgs . – byggesteg II
- Ny 227 – Måløy vgs – rehab av blokk B og C
- Ny 228 – Eid vgs - tilbygg
- Ny 229 – Mo og Øyrane – ridehall

### Fellesmagasinet for musea

Regjeringa legg ikkje opp til ei statleg løyving til nytt fellesmagasin for musea i framlegg til statsbudsjettet 2019. Vi må difor vente til statsbudsjettet 2020 for å få avklart statleg medfinansiering. Fylkesrådmannen har som ein konsekvens av dette forskyvd løyvingane til prosjektet med eitt år.

### Firdasalen

I FU-sak 111/18 vedtok fylkesutvalet at investeringa knytt til utviding av Firdasalen vert lagt inn i budsjettet for 2019. Prosjektet har ei kostnadsramme på 12 mill. kr og er fordelt slik på år:

- 9 mill. kr i 2019
- 3 mill. kr i 2020

Det er lagt opp til at investeringa vert finansiert med udisponerte midlar frå kapitalfondet samt mva. refusjon.

### Flora idrettshall

I FT-sak 41/18 vedtok Fylkestinget kjøp av Florø Idrettssenter AS. Dei økonomiske konsekvensane av dette, både på drift og investering, vert no lagt inn i det økonomiske opplegget, jf. pkt. 3.2.

Kostnaden knytt til investeringa er samla sett til 71 mill. kr med slik fordeling på år:

- 60 mill. kr i 2019
- 11 mill. kr i 2020

Investeringa vert finansiert med låneopptak, fondsmidlar og mva. refusjon. Kapitalkostnadane knytt til låneopptaket er føresett finansiert med andre innsparingar i driftsbudsjettet som følgje av prosjektet.

### NY 230 SJH – Ysteri og garderobe

Prosjektet har vore gjennom fasane prosjektering og anbudsinnhenting. Etter konkurranse ligg det føre berre eitt entreprisetilbod som er vesentleg over kalkulert prosjektkostnad.

Prosjektet har vore mellombels stoppa, og i tertialrapport 2/18 vart løyvinga til ysteri og garderobe redusert med 5,2 mill. kr. Det har vore arbeid med ein ny gjennomgang av føremål, omfang, løysingar og kvalitet. Det viser seg at investeringa ikkje vil vere mogleg å gjennomføre innanfor vedteken kostnadsramme på 7 mill. kr.

Mattilsynet har og vore involvert og konsultert i heile prosessen og det er avdekka at vesentlege tilpassingar er naudsynt for å tilfredsstille dagens regelverk. Dette er knytt til både plass, utstyr og inndeling/logistikk i ysteriet samt skilje mellom rein og skitten sone. I tillegg har prosessen avdekka roteskader, lekkasjar og andre vedlikehaldsbehov på bygget som er naudsynte å utføre i samband med prosjektet. Desse vedlikehaldsbehova var i utgangspunktet planlagt i eit seinare prosjekt.

Ysteridelen vert i dag drive på dispensasjon frå Mattilsynet og det er naudsynt med ombygging om aktiviteten skal vidareførast. SJH har utdanna mange av dei som i dag driv med småskalaysting, og dette elementet er sentralt både i undervisning og for ressursenteret ved skulen.

Fylkesrådmannen si vurdering er at prosjektet bør gjennomførast og tilrår at løyvinga vert auka med 6 mill. kr, til ei samla løyving på 13 mill. kr. Det er framleis føresett at gåva på 1 mill. kr frå Aurland Sparebank vert nytta som finansiering i prosjektet.

I den ufordelte løyvinga til nye investeringar er det sett av brutto 40 mill. kr til ei seinare investering på SJH, knytt til rehabilitering av fjøs og verkstadbygg. Fylkesrådmannen tilrår at denne løyvinga, med tilhøyrande finansiering, vert redusert med 6 mill. kr og flytta til «Ysteri og garderobe»-prosjektet. Rehabilitering av fjøs og verkstadbygg må såleis planleggast utifrå ei kostnadsramme på 34 mill. kr. Auken i kostnadsramma i «Ysteri og garderobe»-prosjektet frå 7 til 13 mill. kr vert såleis løyst utan salderingsmessige konsekvensar.

Det er løyvd om lag 1,9 mill. kr til prosjektet i 2018. Den resterande løyvinga på 11,1 mill. kr vert lagt inn i 2019.

## Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til tilrådde endringar i investeringsprogrammet for bygg.

### 2.2 Investeringsprogram for fylkesveggar 2019-2022

Fylkesrådmannen presenterte i arbeidsdokument 3/18 eit førebels investeringsprogram for fylkesvegnettet 2019-2022.

Det er no lagt opp til følgjande endringar i høve dette investeringsprogrammet:

- Fv. 614 Svelgen–Indrehus vert ikkje starta opp i planperioden, jf. pkt. 3.1.
- Refusjon for utgifter knytt til reguleringsplan i samband med prosjektet Ytre Steinsund Bru er lagt inn i investeringsbudsjettet i 2019. Refusjonen vert finansiert med fondsmidlar.
- Skisserte endringar i Fv. 607 Heggebø–Leirvik, jf. omtale under.
- Alle tal er prisomrekna til 2019-kr.

#### Fv. 607 Heggebø–Leirvik

I arbeidsdokument 3/18 skreiv fylkesrådmannen at han ville kome attende med ei vurdering av prosjektet fv. 607 Heggebø–Leirvik og aktuelle brutiltak for 2019/2020.

Prosjektet hadde ei løyving på 15 mill. kr i 2019. Statens vegvesen meldte i juni 2018 om eit førebels kostnadsoverslag på 32 mill. kr. Dette har fylkesrådmannen stilt spørsmål ved, og Statens vegvesen (SVV) fekk i oppdrag å vurdere kva som kan utførast innanfor gjeldande løyving på 15 mill. kr. SVV har no sett på kostnadsreducerande tiltak i prosjektet og gjennomført eit nytt kostnadsanslag. Dette syner ein kostnad på 24,8 mill. kr.

Fylkesrådmannen legg opp til at det vert lagt fram ei eiga sak med endeleg prosjektavklaring til fylkestinget i desember. Fylkesrådmannen ser det som viktig at prosjektet vert gjennomført og tilrår førebels ei løyving på 24,8 mill. kr til prosjektet i 2019. Auken i prosjektet er dekt inn med omprioritering frå posten «brutiltak ufordelt» i 2019 og 2020.

## Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til tilrådde endringar i investeringsprogrammet for fylkesveg.

### 3 ANDRE SAKER

#### 3.1 Fv. 614 Svelgen – Indrehus

Fv. 614 Svelgen – Indrehus hadde eit samla kostnadsoverslag på 691 mill. kr då det vart lagt inn i RTP og i investeringsprogrammet i fjor. Kostnadsoverslaget var basert på tal i kommunedelplanen frå 2014.

Statens vegvesen (SVV) er no i gang med reguleringsplanlegging av prosjektet. SVV har i denne samanheng sett nærare på alternativ for gjennomføring av prosjektet og utarbeidd grove kostnads-kalkylar basert på tidlegare erfaringstal. Dette gjev grunnlag for ei vesentleg oppjustering av kostnadsoverslaget. Noko av årsaka til det store avviket er at tidlegare kalkyle ikkje tok høgde for løysingar som stetta krav til vegnormalstandardar. Dette er no lagt inn.

Det nye kostnadsoverslaget på om lag 1,1 mrd.kr er hefta med stor usikkerheit. Skal ein gå vidare med reguleringsplanlegginga må det løyvast 3,5 mill. kr til dette arbeidet. For nærare omtale av prosjektet og desse tilhøva vert det vist til notat frå SVV, jf. vedlegg 1.

Sjølv om det nye kostnadsoverslaget er høgst usikkert, indikerer det tydeleg at prosjektet vil bli vesentleg dyrare enn først lagt til grunn. Dette vil føre til auka kapitalutgifter som igjen vil auke presset på driftsbudsjetttrammene monaleg.

I tabellen under viser vi dei samla årlege kapitalutgiftene ved høvesvis gjeldande og nytt kostnads-overslag. Det er her føresett tidlegare nytta faktor for kapitalutgifter ved investeringar, 1/17.

| Svelgen-Indrehus (tal i mill. kr)                | Kostnads-overslag<br>øk-plan | Nytt kostnads-<br>overslag SVV | Auke      |
|--|------------------------------|--------------------------------|-----------|
| <b>Investeringskostnad</b>                       | 691                          | 1100                           | 409       |
| <b>Finansiering</b>                              |                              |                                |           |
| Mva  | 131                          | 209                            |           |
| Låneopptak                                       | 560                          | 891                            |           |
| <b>Årlege kapitalutgifter i driftsbudsjettet</b> | <b>32</b>                    | <b>51</b>                      | <b>19</b> |

Som følge av det nye kostnadsoverslaget vil dei årlege kapitalutgiftene, ved fullføring av prosjektet, auke med 19 mill. kr årleg. Siste året i økonomiplanperioden er kapitalutgiftene knytt til gjeldande kostnadsoverslag komne opp i 21,1 mill. kr. Dette tilseier at vi manglar finansiering på 29,9 mill. kr årleg i høve kapitalutgiftene knytt til det nye kostnadsoverslaget.

Skal dette prosjektet realiserast, må det skapast rom for auken i kapitalutgiftene i driftsbudsjettet. Dette vil medføre behov for omfattande reduksjonstiltak på sektornivå. Alternativ finansiering med fond er ikkje berekraftig på sikt.

Med bakgrunn i dette tilrår fylkesrådmannen at arbeidet med prosjektet ikkje vert starta opp i komande planperiode og at arbeidet med reguleringsplanen vert førebels stoppa. Dette medfører at kapitalbehovet i investeringsporteføljen og tilhøyrande kapitalutgifter vert redusert med alt innarbeidde beløp.

#### Tilråding

Prosjektet Fv. 614 Svelgen-Indrehus vert ikkje starta opp i komande planperiode og reguleringsplanlegginga vert førebels stoppa. Dei økonomiske konsekvensane som følge av dette vert innarbeida i framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2019-22.

### 3.2 Driftskonsekvensar av endringar i investeringsprogrammet

#### Endringar i budsjettet til opplæring - Flora idrettssenter

Fylkesrådmannen legg opp til at dei økonomiske konsekvensane av kjøpet av Flora idrettssenter vert justert i tråd med føresetnadane i FT-sak 41/18. Det er føresett at fylkeskommunen overtek bygget i januar 2019. Dette medfører følgjande justeringar på tenestenivå:

|   | 2019        | 2020        | 2021        | 2022        |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Teneste 5100 - Reduksjon husleige                     | -2,5        | -2,5        | -2,5        | -2,5        |
| Teneste 5100 - Reinholdsutgifter                      | 0,9         | 0,9         | 0,9         | 0,9         |
| Teneste 5101 - Auka leigeinntekt                      | -4,8        | -4,8        | -4,8        | -4,8        |
| Teneste 5101 - Energi, drift og vedlikeholdskostnader | 2,9         | 2,9         | 2,9         | 2,9         |
| <b>Netto reduksjon opplæring</b>                      | <b>-3,5</b> | <b>-3,5</b> | <b>-3,5</b> | <b>-3,5</b> |

Dei føresette innsparingane skal dekke auka kapitalkostnader knytt til planlagt låneopptak. Utgiftene til renter og avdrag vert difor auka tilsvarende, og dei samla justeringane medfører såleis ingen salderingsmessige konsekvensar.

#### Kapitalutgifter

Endringane i investeringsprogramma for bygg og fylkesveg medfører endringar i føresett låneopptak. Fylkesrådmannen har i tabellen under justert kapitalutgiftene i tråd med tilrådde endringar i dei to investeringsprogramma:

|   | 2019       | 2020       | 2021        | 2022         |
|---|------------|------------|-------------|--------------|
| Flora idrettssenter - kap. utg. dekket av innsparingar på opplæring | 3,5        | 3,5        | 3,5         | 3,5          |
| Svelgen-Indrehus - ikkje sett i gong                                |            | -0,7       | -7,9        | -21,1        |
| Div. endringar i investeringsnivå (prisjustering, forskyving m.m)   | 0,1        | -0,5       | 0,6         | 2,6          |
| <b>Endring i kapitalutgifter</b>                                    | <b>3,6</b> | <b>2,3</b> | <b>-3,8</b> | <b>-15,0</b> |

### Tilråding

Som ein konsekvens av endringar i investeringsprogramma for bygg og veg, vert budsjetttramma til opplæring redusert årleg med 3,5 mill. kr. Vidare vert budsjetttramma for kapitalutgifter auka med 3,6 mill. kr i 2019, med 2,3 mill. kr i 2020, redusert med 3,8 mill. kr i 2021 og med 15 mill. kr i 2022.

### 3.3 Søknad frå Nye Vestland fylkeskommune – finansiering av meirbehov

Fylkeskommunen har fått ein søknad frå Nye Vestland fylkeskommune v/prosjektleiari om finansiering av meirbehov knytt til eingongskostnader for etableringa av Vestland fylkeskommune.

Prosjektleiari har estimert eit meirbehov på 55 mill. kr. Dette kjem i tillegg til dei 30 mill. kr som allereie er stilt til rådvelde for Fellesnemnda. Det er særleg innafør IKT-området det er avdekket eit meirbehov. Prosjektleiari har også foreslått ei deling av kostnadsauken der vi vert utfordra på å bidra med 40%, dvs. 22 mill. kr og Hordaland fylkeskommune (HFK) vert utfordra på å bidra med 60%, dvs. 33 mill. kr. Søknaden følgjer som vedlegg 2.

Fylkesrådmannen vil tilrå at det vert løyvd 22 mill. kr i 2019 til styrking av budsjettet til Fellesnemnda. Fylkesrådmannen er også kjent med at fylkesrådmannen i HFK har innarbeid sin del av meirkostnaden i budsjettforslaget for 2019.

Gjennom økonomiplanarbeidet er budsjettet for 2019 styrka med om lag 11 mill. kr i høve auka kostnader knytt til regionreforma. Desse midlane var i utgangspunktet tenkt nytta til å dekke auka kostnader i vår eigen fylkeskommune og er førebels budsjettert på teneste 4200 Administrasjon. Fylkesrådmannen vil tilrå at 5,5 mill. kr av denne løyvinga no vert sett av til å imøtekomme søknaden. Grunngevinga for dette er at det vil lette ei allereie pressa salderingsutfordring. Vidare er det viktig at ikkje heile beløpet no går til Fellesnemnda, då det heilt sikkert vil kome auka kostnader i eigen organisasjon både på politisk og administrativt nivå som følgje av auka møte-/reiseaktivitet, overtid, konsulentkjøp m.m.

Fylkesrådmannen vil tilrå å leggje den auka løyvinga på 22 mill. kr til Nye Vestland fylkeskommune på teneste 4600 Oppgåver utanfor ordinært ansvarsområde. Vidare vert 5,5 mill. kr på teneste 4200 Administrasjon omdisponert til dette føremålet.

### Tilråding

Teneste 4600 Oppgåver utanfor ordinært ansvarsområde vert auka med 22 mill. kr.

5,5 mill. kr på teneste 4200 Administrasjon vert omdisponert til teneste 4600 som delfinansiering av den auka løyvinga.

### 3.4 Søknad frå Gaular kommune - Fossesenteret

Fylkeskommunen har fått ein søknad frå Gaular kommune om eit investeringstilskot på 5 mill. kr til Fossesenteret i Gaular. Søknaden følgjer som vedlegg 3.

Søknaden, datert 03.10.18, kom for seint til at den vart omtala og ev. prioritert i budsjett/økonomiplansaka til hovudutval for næring og kultur (HNK) i september. Søknaden er no lagt fram som skriv og melding i HNK sitt møte 23.10.18.

Vidare prosess, jf. rutinar i høve søknad om finansiell medverknad, er at HNK skal avgjere lagnaden til søknaden, dvs. om den skal kanalisert inn mot eksisterande søknadsordningar/ budsjettprosess eller ev. gjevast avslag. Vidare står det at viss søknaden vert vist til vurdering i budsjettprosessen, men kjem til handsaming etter hovudutvala sitt prioriteringsmøte i august/september, skal den som hovudregel visast til neste års budsjettprosess.

Slik fylkesrådmannen ser det, er det uaktuelt å legge ytterlegare press på den krevjande salderingsutfordringa ved å løyve friske midlar til dette prosjektet, jf. pkt. 4. Ei ev. løyving må difor finansierast innafør ramma til næring og kultur.

Av tidsomsyn har ikkje fylkesrådmannen fått handsama søknaden, og det er difor for tidleg å konkludere på om søknaden kan imøtekomast innafør rammene til næring og kultur



## Tilråding

Finansutvalet finn ikkje rom for å imøtekomme søknaden frå Gaular kommune om investeringstilskot til Fossesenteret med friske midlar. Søknaden vert vist til hovudutval for næring og kultur for endeleg avgjerd.

### 3.5 Søknadar om idrettsanlegg

I møteboka frå møte i finansutvalet den 26.9.18 pkt. 2.1 står følgjande protokollert:

*Finansutvalet ser positivt på at det vert satsa på å utvikle gode idrettsanlegg i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til denne type tiltak, og hovudutvalet for næring og kultur har ikkje rom for å imøtekomme søknadane innan sektorbudsjettet. Nærings- og kulturavdelinga sine verkemiddel på kulturområdet er fagleg rettleiing og spelemidlar. Dette medfører at hovudutvalet for næring og kultur ikkje kan imøtekoma søknadane frå Jølster kommune om fotballhall, Jølster skisenter om alpinanlegg i Bjørkelia, og Skavøypoll idrettslag om turnhall i Vågsøy. Finansutvalet meiner søknadane i denne omgang må sjåast i samanheng med det totale budsjettarbeidet i fylkeskommunen.*

Dei søknadane som er omtalt i vedtaket er:

- Jølster kommune – ny fotballhall på Skei – 15 mill. kr
- Jølster skisenter AS – utvikling/utviding av alpinanlegget på Vassenden – 6 mill. kr
- Skavøypoll Idrettslag – ny turnhall – 1,5 mill. kr.

For nærare omtale av søknadane samt fylkesrådmannen sine vurderingar av søknadane vert det vist til HNK-sak 48/18 «Budsjett 2019/økonomiplan 2020-2022 – næring og kultur». Denne saka var også vedlegg til arbeidsdokument 3/18.

Fylkesrådmannen vil også på dette punktet vise til den krevjande salderingsutfordringa vi no har, og vil ikkje på dette tidspunktet tilrå at desse søknadane vert løfta inn i budsjettet og såleis utfordre salderingsbalansen ytterlegare.

## Tilråding:

Finansutvalet finn ikkje rom for å imøtekomme høvesvis Jølster kommune, Jølster skisenter AS og Skavøypoll Idrettslag sine søknader om støtte til idrettsanlegg.

## 4 SALDERING

|  | 2019        | 2020        | 2021        | 2022         |
|--|-------------|-------------|-------------|--------------|
| <b>Ubalanse etter statsbudsjettet:</b>                         | <b>26,2</b> | <b>45,1</b> | <b>65,5</b> | <b>109,7</b> |
| <b>Vurderingar i arbeidsdokument 4</b>                         |             |             |             |              |
| Endring i kapitalutgifter - justering av investeringsprogramma | 0,1         | -1,2        | -7,3        | -18,5        |
